


Årsrapport 2015

Hardangervidda Fjelloppslyn



FJELLOPPSYNET er oppretta med heimel i Fjelleva og har sitt hovudvirke på statsallmenningane og skal:

- Forebygge miljøkriminalitet og bidra til at offentlegrettslege reglar blir helde.
- Drive informasjon, tilrettelegging, skjøtsel, naturovervåkning/registrering og kontroll. Fjelloppsynet skal prioritere forebyggande verksemd.
- Sjå til at grunneigar og rettighetshavar sine privatrettslege reglar blir helde.
- Medvirke til ein bærekraftig bruk av statsallmenningane og sikre viktige lokale og nasjonale samfunnsinteresser i områder der staten som grunneigar har eit spesielt ansvar.

(Jmf. instruks for fjelloppsyn godtkjent av Statskog og gitt i samråd med Statens naturoppsyn og Politiet)

Fjelloppsynet er tildelt begrensa politimyndigheit og samarbeider med Politiet, Statens naturoppsyn, Statskog og vernemyndigheitene.

Harangervidda Fjelloppsyn

Fjellstyra på Harangervidda as (FH)

Hovudkontor:

Pb 562, 5703 VOSS

Tlf: 90213630

E-post: hardangervidda.fjelloppsyn@fjellstyrene.no

Heimeside: www.harangervidda-fjellstyra.no

Forord

Med denne årsmeldinga ynskjer me å gi ei kortfatta oversikt over aktiviteten til Hardangervidda Fjelloppsyn i 2015.

Fjelloppsynet er ei allsidig verksemd der kjerneoppgåver er oppsyn, informasjon og ulike former for skjøtsel i verneområda. Vidare bistår fjelloppsynet fjellstyra med å halde i stand fjellstyrehusværa i statsallmenningane og deltek i skjøtselstiltakt for forvaltning av vilt og fisk. Sekretærarbeid og dagleg drift av fjellstyrekontor er også sentrale gjeremål for dei tilsette i fjelloppsynet. Til sist bistår fjelloppsynet forsknings- og forvaltningsinstitusjonar med innsamling av naturfaglege data. Samla aktivitet utgjorde 3,8 årsverk i 2015

Arbeidet til fjelloppsynet er finansiert av fjellkassene til fjellstyra på Hardangervidda og statlege middel over Landbruks- og matdepartementet sitt budsjett gjennom Statskog si refusjonsordning for arbeid i statsallmenningar. Vidare er det tilført middel frå Klima og miljøverndepartementet sitt budsjett gjennom tjenestekjøpsavtale med Statens naturoppsyn. Noko av arbeidet er betalt av UniResarch as, Norges miljø-og biovitenskaplige universitet, Norsk institutt for naturforskning, Norges vassdrags- og energidirektorat og Hardangervidda villreinutval.

Fjelloppsynet er tildelt begrensa politimyndigheit innan miljølovverka i Hordaland, Telemark og Nordre og Søndre Buskerud politidistrikt og samarbeider tett med politiet.

Me vil takke oppdragsgjeverane og andre kontaktar for samarbeidet i året som har gått.

Mars 2016

Georg Gjøstein /s/
Dagleg leiar

1. Oppsynsarbeid	5
1.1 Jakt	5
1.2 Fiske.....	5
1.3 Motorferdsel	6
1.4 Reaksjonsstatistikk	6
1.5 Kulturminner	6
1.6 Naturvernområder.....	6
2. Fjellredningsarbeid	7
3. Informasjonsarbeid	7
3.1 Generelt	7
3.2 Informasjonsarbeid på Tinnhølen og Haukeliseter	7
3.3 Heimeside	7
4. Rekrutteringsarbeid	7
5. Registreringsarbeid	7
5.1 Registrering av villrein – Rv 7	7
5.2 Strukturtelling av villrein	7
5.3 Registrering av aktivitet på fjellrevhi m.m.	8
5.4 Tilsyn med foringsautomatar for fjellrev	8
5.5 Utsetting av fjellrev	8
5.6 Vatnprøver	8
5.7 Rovviltkontaktarbeid.....	8
5.8 Registrering av jerv.....	8
5.9 Beitestudie.....	9
5.10 Snømålingar.....	9
5.11 Overvåkning av Kongeørn, TOV-E	9
5.12 Databaser for naturfaglige registreingar og registreringar i verneområder.....	9
6. Skjøtselsarbeid	9
6.1 Skilting og tavler	9
6.2 Renovasjon.....	10
6.3 Skjøtselsarbeidet for fjellstyra.....	10
7. Sekretariat	10
8. Organisasjonen	10
8.1 Generalforsamling	10
8.2 Styre og Fjelloppsynsutval	10
8.3 Tilsette.....	10
Vedlegg 1. Arbeid for fjellstyra	11
Arbeid for Røldal fjellstyre	11
Arbeid for Ulvik fjellstyre	12
Arbeid for Odda fjellstyre	14
Arbeid for Øvre Numedal fjellstyre	15
Arbeid for Rauland fjellstyre.....	16
Arbeid for Eidfjord fjellstyre.....	17
Vedlegg 2. Arbeid for medlemmer i Hardangervidda Grunneigarsamskipnad	18
Vedlegg 3. Arbeid for Statens naturoppsyn og andre	18

1. Oppsynsarbeid

1.1 Jakt

Villreinjakt

Tilsette i Hardangervidda Fjelloppsyn har hatt høg aktivitet i det samordna villreinjakttoppsynet på Hardangervidda i 2015. Arbeidet føregjekk i lag med politiet og Statens naturoppsyn. Oppsynet bisto med innsamling av kjøtprøver for måling av radioaktivitet og organiserte innsamling av kjevar frå felt villrein under jakta. Det er laga ein særskild rapport for villreinjakttoppsynet som kan lastast ned her:

<http://www.hardangervidda->

[fjellstyra.no/uploads/Documents/Fjelloppsynet/oppsynsrapportvillreinjakt2015.pdf](http://www.hardangervidda-fjellstyra.no/uploads/Documents/Fjelloppsynet/oppsynsrapportvillreinjakt2015.pdf)



Villrein i Vinje hausten 2015. Foto: Georg Gjøstein HF

Småviltjakt

Oppsyn med småviltjakt i 2015 føregjekk i stor grad i kombinasjon med oppsyn med villreinjakt i statsallmenningane. Rypa var freda i 5 statsallmenningar og det var derfor lite småviltjakt. Det vart utført særskilt oppsyn med småviltjakt i Røldal der det var tillete med rypejakt. Det var også utført noko oppsyn i grenseområda mot private eigendomar i Eidfjord.

1.2 Fiske

Fjelloppsynet har kontrollert fiske med stong og garn. Fjelloppsynet møter fiskerar på ulike deler av vidda og fiskekort blir kontrollert. I 2015 var det sett av særskild tid til kontrollar i Eidfjord statsallmenning, Røldal statsallmenning og Øvre Numedal statsallmenning.

1.3 Motorferdsel

Fjelloppsynet har delteke på særskilde kontrollar retta mot motorferdsel i utmark. Aktiviteten i 2015 føregjekk i Nore og Uvdal, Tinn, Vinje, Eidfjord, Ullensvang, Fyresdal og Voss. Sommarstid er det gjennomført kontrollar med bilar og traktorar i og utanfor nasjonalparken ved Tinnhølen og etter godkjende sleper i Nore og Uvdal, Eidfjord og Ullensvang.

1.4 Reaksjonsstatistikk

Tabell 1. Antall kontrollerte

	Antall kontrollerte					
	2015	2014	2013	2012	2011	2010
Motorferdsel	70	32	46	39	42	10
Småviltjegerar		5	1	9	2	7
Villreinjegerar	82	96	75	101	121	51
Fiskerar	17	31	58	53	21	10
SUM	174	164	181	202	207	78

Tabell 2. Antall advarslar og anmeldelsar

Tema	Antall advarslar					Antall anmeldelsar				
	2015	2014	2013	2012	2011	2015	2014	2013	2012	2011
Motorferdsel	3		4			9	6	4	1	3
Småviltjegerar										
Storviltjegerar	3	7		5	1	1	2	1	1	
Fiskerar			17			2		1		2
Bandtvang		1	1	2						
SUM	6	8	22	7	1	12	8	6	2	5

1.5 Kulturminner

Fjelloppsynet har helde generelt tilsyn med kulturminner i nasjonalparken.

1.6 Naturvernområder

Fjelloppsynet har helde oppsyn med at vernereglane blir fylgd for Hardangervidda nasjonalpark, deler av Hallingskarvet nasjonalpark samt tre landskapsvernområde. Det er også utført oppsyn og skjøtsel i nokre naturreservat.

Tabell 3. Naturvernområder der Hardangervidda Fjelloppsyn har utført arbeid i 2015

Vernområder i Telemark:	Kommuner
<i>Hardangervidda nasjonalpark</i>	<i>Vinje og Tinn</i>
<i>Møsvatn Austfjell landskapsvernområde</i>	<i>Vinje/Tinn</i>
<i>Brattefjell Vindeggen landskapsvernområde</i>	<i>Vinje/Hjartdal/Tinn</i>
<i>Skirvedalen naturreservat</i>	<i>Tinn</i>
<i>Jønjljo naturreservat</i>	<i>Tinn</i>
<i>Hondle naturreservat</i>	<i>Tinn</i>
Verneområde i Hordaland	Kommuner
<i>Hardangervidda nasjonalpark</i>	<i>Eidfjord, Ullensvang, Odda</i>
<i>Hallingskarvet nasjonalpark</i>	<i>Ulvik</i>
<i>Skaupsjøen-Hardangerjøkulen landskapsvernomr.</i>	<i>Eidfjord og Ulvik</i>

Verneområder i Buskerud	Kommuner
<i>Hardangervidda nasjonalpark</i>	<i>Hol, Nore og Uvdal</i>
<i>Skaupsjøen-Hardangerjøkulen landskapsvernområde</i>	<i>Hol, Nore og Uvdal</i>

2. Fjellredningsarbeid

Fjelloppsynet deltok med instruktør under eit vinterkurs for politiet. Kurset føregjekk i Songaområdet.

3. Informasjonsarbeid

3.1 Generelt

Der er ei prioritert oppgåve for fjelloppsynet å formidle informasjon til publikum. Samla er det gjeve informasjon til 567 personar i samband med feltaktiviteten til fjelloppsynet. I den daglege drifta av fjellstyrekontor er det også gjeve informasjon til eit stort tal personar, men dette er ikkje talfesta.

3.2 Informasjonsarbeid på Tinnhølen og Haukeliseter

Arbeidet med informasjonsarbeid sommarstid ved sentrale innfartsområder til vidda vart vidareført. Dette året føregjekk arbeidet to dagar på Haukeliseter og åtte dagar på Tinnhølen. Det vart gjeve informasjon om mange tema der fiske, ruteforslag, parkering, camping, padling, sykling og dyreliv var gjengangarar. Diverse brosjyrer om nasjonalparken og reglar for bruk av naturen m.m. vart delt ut. Arbeidet vart utført i kombinasjon med oppsynsarbeid og skjøtsel.

3.3 Heimeside

Fjelloppsynet har ajourført heimesida til Fjellstyra på Hardangervidda as (FH). Det har vore kontaktinformasjon og nokre artiklar frå den lokale forvaltninga på Hardangervidda.

4. Rekrutteringsarbeid

4.1 Generelt

I den daglege drifta av fjellstyrekontora arbeider dei tilsette i fjelloppsynet med tiltak for å rekruttere ungdom til jakt og fiske. Det var ikkje nokon særskilde arrangement i 2015.

5. Registreringsarbeid

5.1 Registrering av villrein – Rv 7

Tilsette i Fjelloppsynet har framskaffa oversikt over villreinen sine rørsler i høve til Rv 7 i tråd men instruks frå Miljødirektoratet. Arbeidet føregjekk i hovudsak ved visuell observasjonar og radiopeiling frå egna stader i terrenget. ”Dyreposisjonar” frå radimerka villein på Hardangervidda er eit viktig hjelpemiddel i arbeidet. Ved fleire høver var det villrein i nærområda til vegen.

5.2 Strukturtelling av villrein

Fjelloppsynet deltok med to personar under strukturtelling av villrein hausten 2015. Arbeidet pågjekk i Vinje.

5.3 Registrering av aktivitet på fjellrevhi m.m.

Det vart gjennomført vinterkontroll og sommarkontroll av nokre hi i same områda som det er foringsautomatar i Eidfjord og Vinje, samt gjort registreringar til den nasjonale databasen på eitt hi i Hol kommune.

5.4 Tilsyn med foringsautomatar for fjellrev

Det er helde regelmessig tilsyn med foringsautomatar for fjellrev i Vinje og Eidfjord. Det vart jamnleg etterfylt med for og viltkameraene og chiplesar på automatane er fylgd opp.

5.5 Utsetting av fjellrev

Personell frå fjelloppsynet deltok på utsetting av fjellrev i Eidfjord og Vinje.

5.6 Vatnprøver

Det er henta vassprøver frå fem lokalitetar. Dette var Svartavasstjørnet, Svartavatnet, ”Krobbek” og Drageidfjorden i Eidfjord.



Sommaren 2015 var det mykje snø i fjellet. Drageidfjorden 18 juni. Foto: Georg Gjøstein HF

5.7 Rovviltkontaktarbeid

Personell frå fjelloppsynet har gjennomført rovviltkontaktarbeid i Hardanger i Hordaland og i Telemark. Det feltmessige arbeidet har vore skadedokumentasjon på husdyr sommarstid samt kontroll av felte gauper og dokumentasjon av spormeldingar vinterstid.

5.8 Registrering av jerv

Personellet i fjelloppsynet registrerar rutinemessige jervespor i samband med feltaktivitet vinterstid. Sporlogg frå turar og eige registreringskjema blir oversendt rovviltkoordinator i Sno.

5.9 Beitestudie

Fjelloppsynet har vedlikehelde gjerdene i Hol i eit husdyrbeitestudie i regi av Norges miljø- og biovitenskaplige universitet.

5.10 Snømålingar

Fjelloppsynet bisto Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) under snømålingar i april. Arbeidet føregjekk i Odda, Ullensvang, Eidfjord og Nore og Uvdal.

5.11 Overvåkning av Kongeørn, TOV-E

Mannskap frå fjelloppsynet har gjennomført registreringsarbeid, som eit ledd i nasjonal overvåkning, på tre reirlokaltetar i Buskerud.

5.12 Databaser for naturfaglige registreingar og registreringar i verneområder.

Innsamla data har m.a. vorte overført til desse databasene:

<http://www.artsdatabanken.no/>

<http://nvs.villrein.no/sett-rein/>

<http://www.rovdata.no/>

<https://feltdagbok.miljodirektoratet.no/>

6. Skjøtselsarbeid

6.1 Skilting og tavler

Det er sett opp skilt med påminning om bandtvang på nasjonalparktavler på Halne, Seterdalen, Haukelister, Solheimstulen og som frittstående skilt på Tinnhølen og «Byen». Elles er det sett opp nytt verneskilt i Seterdalen og bytta nokre klistremerker på andre skilt.



I 2015 vart det sett opp skilt som minner om bandtvang i nasjonalparken. Foto Georg Gjøstein HF

Det er sett opp to tavler med verneplakat i Skirvedalen naturreservat. Tavla i Sogakrysset er reparert. Tavla på Skinnarbu er beisa. To tavler ved Møsvatnet er teke vekk og likeeins fundamentet til ei øydlagt tavle i Valldalen.

6.2 Renovasjon

Det er utført rydding av søppel på stader som er mykje besøkt av fiskerar. Strekningane som er gått over er Heinåne frå Hegnun til Nedre Hein, Lågen frå Hegnun til Låglistølen, heile Djupa til Raudhelleren og Kvenna frå Mogen til Nordvollen. Det er frakta ut søppel frå fjellstyrehyttene.

6.3 Skjòtselsarbeidet for fjellstyra

For fjellstyra vart det utført transportar, renovasjonsarbeid, vedlikehald på hytter og bygningsarbeid samt internkontroll med brannverntilhøva. Arbeidet er gjort nærare greie for i egne vedlegg.

7. Sekretariat

Tilsette i fjelloppsynet har utført sekretærarbeid og stått for dagleg drift av fjellstyrekontor for fylgjande fjellstyrer:

- Rauland fjellstyre- Sveinung H.Olsnes
- Øvre Numedal fjellstyre- Hans- Jørgen Jahren
- Ullensvang fjellstyre og Fellestyret for Ullensvang statsallmennig – Trine Hilstad
- Ulvik fjellstyre- Harald N. Andersen

8. Organisasjonen

8.1 Generalforsamling

Hardangervidda Fjelloppsyn er ein del av Fjellstyra på Hardangervidda as. Selskapet er heileigd av Eidfjord fjellstyre, Ulvik fjellstyre, Ullensvang fjellstyre, Odda fjellstyre, Røldal fjellstyre, Rauland fjellstyre, Øvre Numedal fjellstyre og Hardangervidda Grunneigarsamskipnad. Generalforsamling 2015 vart arrangert 11. juni som telefonmøte.

8.2 Styre og Fjelloppsynsutval

Styret var samansett av styreleiarane i fjellstyra på Hardangervidda samt ein representant frå Hardangervidda Grunneigarsamskipnad. Vebjørn Håvardrud har vore styreleiar, Dei øvrige styremedlemene har vore Dorthe Huitfeldt, Bergfinn Kvalnes, Aslak Myrvang, Kjell Røkenes, Steinar Langesæter Ørjan Angell og Ellen Drangevåg. Fjelloppsynsutvalet var sett saman av Vebjørn Håvardrud, Steinar Langesæter, Ellen Drangevåg og Bergfinn Kvalnes.

8.3 Tilsette

Det har vore 6 fast tilsette medarbeidarar i 2015 (tabell 4.)


Tabell 4. Tilsette i 2015

Tilsett / kontorstad	Stillingstorleik
Georg Gjøstein (dagleg leiar) , Voss	100 %
Trine Hilstad, Kinsarvik	50 %
Harald Normann Andersen, Ulvik	70 %
Sveinung Hylland Olsnes, Vinje	85 %
Hans- Jørgen Jahren, Rødberg	65 %
Sten-Rune Jensen, Uvdal	15%

Vedlegg 1. Arbeid for fjellstyra

Arbeid for Røldal fjellstyre

Hardangervidda Fjelloppsyn har utført 167,5 timeverk for Røldal fjellstyre. Fjellstyret sin del av administrativ drift av oppsynet utgjer 62 timar.



Figur 2. Antall timeverk som er utført for Røldal fjellstyre.


Oppsyns- og informasjonsarbeid

Det er helde oppsyn med fisket i vatna i nærområda til E 134 m.a Ståvatn, Ulevåvatn, samt lenger inn i statsallmenningen i Hellevassområdet. Det er ført oppsyn med småviltjakt med prioritet på nærområda til veg m.a. Midtdyrdalen, Nupsdalen og grensa mot Vinje kommune Under villreinjakta var det oppsynspersonell i statsallmenningen mot slutten av jakta.

Fjelloppsynet hadde informasjonstjeneste frå fjellstyrehytta på Tinnhølen på bolkar på to dagar fire veker sommarstid, samt var tilstades to dagar på Haukeliseter.

Arbeid for Ulvik fjellstyre

Hardangervidda Fjelloppsyn har utført 530,5 timeverk for Ulvik fjellstyre. Fjellstyret sin del av administrativ drift av oppsynet utgjør 211 timar.



Figur 3. Antall timeverk som er utført for Ulvik fjellstyre.

Sekretariat

Sekretærarbeidet er utført av Harald N. Andersen.

Oppsyns- og informasjonsarbeid

Under villreinjakta var oppsynspersonell til stades på Osafjellet. Ein såg også til at fredningspåbødet på rype vart helde.

Fjelloppsynet hadde informasjonstjeneste frå fjellstyrehytta på Tinnhølen på bolkar av to dagar fire veker sommarstid, samt var tilstades to dagar på Haukeliseter.

Generelt tilsyn og brannvernarbeid

Fjelloppsynet har helde eit generelt tilsyn med fjellstyrehyttene.

Det er gjennomført internkontroll av brannverntilhøva på fjellstyrehyttene. Herunder er det ført tilsyn med brannvarslerar, eldstader, gasskokeapparat og skilting. Sertifisert personell har gjennomført kontroll med at brannsløkkingsapparatene er i forskriftsmessig stand.

Vedlikehald av hytter m.m.

Det er helde jamnleg tilsyn med Finsebu for å halde snurredoen i funksjon og sjå til at det er nok ved på hytta. Steinbua i Austdalen vart renovert med tilverking av golv og innvendig kledning.

Transportar


Det er transportert gass, ved og anna utstyr til hyttene. Det køyrt ved til kontaineren ved Rundavatnet.

Renovasjon

Det er henta eit båtvrak ved Langavatnet

Arbeid for Ullensvang fjellstyre

Hardangervidda Fjelloppsyn har utført 516,75 timeverk for Ullensvang fjellstyre inklusive 50% av arbeidet for Fellesstyret. Fjellstyret sin del av administrativ drift av oppsynet utgjør 211 timar.



Figur 4 . Antall timeverk som er utført for Ullensvang fjellstyre.

Sekretariat

Sekretærarbeidet er utført av Trine Hilstad.

Oppsyns- og informasjonsarbeid m.m.

Under villreinjakta var oppsynspersonell til stades og kontrollerte jegerar i statsallmenningen. Fjelloppsynet hadde informasjonstjeneste på Haukeliseter og på Tinnhølen i juli og august.


Generelt tilsyn og brannvernarbeid m.m.

Fjelloppsynet har helde eit generelt tilsyn med fjellstyrehyttene.

Det er gjennomført internkontroll av brannverntilhøva på fjellstyrehyttene. Herunder er det ført tilsyn med brannvarslerar, eldstader, gasskokeapparat og skilting. Sertifisert personell har gjennomført kontroll med at brannsløkkingsapparata er i forskriftsmessig stand. Pipene til hyttene er feia. Persbu er vaska.

Arbeid for Odda fjellstyre

Hardangervidda Fjelloppsyn har utført 291,5 timeverk for Odda fjellstyre inklusive 50% av arbeidet for Fellesstyret. Fjellstyret sin del av administrativ drift av oppsynet utgjør 67,5 timar.



Figur 5. Antall timeverk som er utført for Odda fjellstyre.

Oppsyns- og informasjonsarbeid m.m.

Under villreinjakt var oppsynspersonell til stades og kontrollerte jegerar i statsallmenningen. Det var noko oppsyn med fiske i området. Fjelloppsynet hadde informasjonstjeneste på Haukeliseter og på Tinnhølen i juli og august.

Generelt tilsyn og brannvernarbeid

Fjelloppsynet har helde eit generelt tilsyn med fjellstyrehyttene.


Det er gjennomført internkontroll av brannverntilhøva på fjellstyrehyttene. Herunder er det ført tilsyn med brannvarslerar, eldstader, gasskokeapparat og skilting. Sertifisert personell har gjennomført kontroll med at brannsløkkingsapparata er i forskriftsmessig stand. Pipene til hyttene er feia

Sekretariat

Sekretærarbeidet for Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning er utført av Trine Hilstad.

Arbeid for Øvre Numedal fjellstyre

Hardangervidda Fjelloppsyn har utført 914 timeverk for Øvre Numedal fjellstyre. Fjellstyret sin del av administrativ drift av oppsynet utgjør 318,5 timar.



Figur 6. Antall timeverk som er utført for Øvre Numedal fjellstyre.

Sekretariat

Sekretærarbeidet er utført av Hans- Jørgen Jahren.

Generelt tilsyn og brannvernarbeid

Fjelloppsynet har helde eit generelt tilsyn med fjellstyrehyttene.

Det er gjennomført internkontroll av brannverntilhøva på fjellstyrehyttene. Herunder er det ført tilsyn med brannvarslerar, eldstader, gasskokeapparat og skilting. Det er gjennomført brannverntilsyn i regi av kommunen.

Vedlikehold av hytter m.m.

Utbeatingsarbeid på Knutsbu er fylgd opp av fjelloppsynet. Det er utført kitting av glas på Kolven og montert ny lufteventil. Det er gjort registreringar for større vedlikehaldsarbeid, m.a bytte av glas på hytta ved Grønenuten. Gassvarslar er montert på ei av hyttene.

Transportar

Det er utført transportar til fjellstyrehyttene sommar- og vinterstid.


Oppsyns- og informasjonsarbeid

Det er utført oppsyn med fiske i Geitvassdalen m.m. Under villreinjakta var oppsynspersonell til stades i statsallmenningen og kontrollerte jegerar.

Fjelloppsynet hadde samordna informasjonstjeneste for alle fjellstyra i juli og augst. Arbeidet føregjekk på Tinnhølen og Haukeliseter.

Arbeid for Rauland fjellstyre

Hardangervidda Fjelloppsyn har utført 142 timeverk for Rauland fjellstyre. Fjellstyret sin del av administrativ drift av oppsynet utgjør 58 timar.



Figur 7. Antall timeverk som er utført for Rauland fjellstyre.

Sekretariat

Sekretærarbeidet er utført av Sveinung H. Olsnes.

Oppsyns- og informasjonsarbeid

Det var oppsyn i statsalmenningen under villreinjakta.

Fjelloppsynet hadde informasjonstjeneste frå fjellstyrehytta på Tinnhølen på bolkar på to dagar fire veker sommarstid, samt var til stades to dagar på Haukeliseter.


Generelt tilsyn og brannvernarbeid

Fjelloppsynet har helde eit generelt tilsyn med fjellstyrehyttene.

Det er gjennomført internkontroll av brannverntilhøva på fjellstyrehyttene. Herunder er det ført tilsyn med brannvarslerar, eldstader, gasskokeapparat og skilting. Sertifisert personell har gjennomført kontroll med at brannsløkkingsapparata er i forskriftsmessig stand.

Arbeid for Eidfjord fjellstyre

Hardangervidda Fjelloppsyn har utført 308,5 timeverk for Eidfjord fjellstyre. Fjellstyret sin del av administrativ drift av oppsynet utgjør 126,5 timar.



Figur 1. Antall timeverk som er utført for Eidfjord fjellstyre.

Oppsyns- og informasjonsarbeid

Oppsyn med fiske i Eidfjord statsallmenning foregikk i ulike deler av allmenningen. Under villreinjakt vart det helde oppsyn i deler av statsallmenningen. Det var kontroll med at fredningsvedtaket for rype vart etterlevd.

Fjelloppsynet hadde informasjonstjeneste frå fjellstyrehytta på Tinnhølen på bolkar av to dagar fire veker sommarstid, samt var tilstades to dagar på Haukeliseter.

Generelt tilsyn og brannvernarbeid

Fjelloppsynet har helde generelt tilsyn med fjellstyrehyttene og gjennomført vinterklargjering av desse. Båtane til fjellstyret er lagt opp for vinteren.

Det er gjennomført internkontroll av brannverntilhøva på fjellstyrehyttene. Herunder er det ført tilsyn med brannvarslerar, eldstader, gasskokeapparat og skilting. Sertifisert personell har gjennomført kontroll med at brannsløkkingsapparata er i forskriftsmessig stand. Noko brannvernmateriell er bytta ut, og det er det teke inn utstyr som mangla.

Bygningsarbeid på hytter m.m.

Det vart utført reparasjonsarbeid på dørene til hyttene ved Tinnhølen, Krobu og Gamla Sandhaug. Det er montert pipe og ovn i annekset i Viersla. Det er laga til lemmer til nokre vidauger på Tinnhølenhytta og det elektriske anlegget på hytta er utbetra. Det er gjort snøtettingsarbeid på hytta ved Heisandtjørn.

Transportar m.m.

Det er transportert ved, gass og anna forbruksmateriell til hyttene. Sjøppel er transportert ut av fjellet.

Anna

Fjellopsynet har henta vassprøver i Svartavatnet, Svartavasstjørna, Drageifjorden og «Krobu bekk» Uni Resarch as gjev økonomisk stønad til arbeidet.

Vedlegg 2. Arbeid for medlemmer i Hardangervidda Grunneigarsamskipnad

Det er utført kontroll, i tråd med norsk standard, med brannsløkkerane i husværa til kommuneeigedomen Berunuten Vest.

Vedlegg 3. Arbeid for Statens naturoppsyn og andre.

Tema	Timeverk
Motorferdselkontrollar	165,5
Tilsyn med villreinen sin ferdsel i høve til Rv 7	168
Fjellrevarbeid	255,5
TOV-E kongeørn	20
Rydding av søppel	93,5
Redningstjeneste kurs/øving	29,5
Oppsetting og flytting av informasjonstavler	67,5
Skilting	21,5
Oppsyn i mindre verneområder	35,5
Rovviltkontaktarbeid	152
Oppsyn under villreinjakta	874
Kontorarbeid, rovviltkontaktar	32
Anna kontorarbeid- rapportering etter feltoppdrag	155,5
SUM	2086

Institusjon	Timeverk
NMBU	78,5
NINA	9
Villreintvalet	59
NVED	39
Uni Resarch as	24